



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 27.11.2024
Møtetid: 13:00 - -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kari Laurhammer Mjøs	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Daniel Kleiveland		KRF

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
RS 19/24	Synfaring: Lonaneset	
RS 20/24	Orientering frå Kommunedirektør	
RS 21/24	Orientering - Ny heimeside	
PS 75/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 76/24	Godkjenning av møtebok 24.10.2024	
PS 77/24	Delegerte saker 27.11.2024	
PS 78/24	Referatsaker og meldinger	
RS 22/24	Politisk møteplan 2025	
RS 23/24	Løypemelding KPA - Om siling av arealinnspel, planvask og fremdrift	
RS 24/24	135/9 - Vedtak i klagesak - deling etter jordlova	
PS 79/24	Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn	
PS 80/24	92/9 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av bygning frå industri til kunst- og kulturføremål	
PS 81/24	118/6, 118/34, 118/38, 118/129 - Søknad om dispensasjon for bygging av veg	
PS 82/24	135/131 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadblokk D og parkeringsplassar	
PS 83/24	Gbnr 15/39 - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg	
PS 84/24	Planprogram for kommunedelplaner vassforsyning og avlaup med vassmiljø.	
PS 85/24	52/3 - Søknad om mellombels dispensasjon for mellombels endra bruk av areal	
PS 86/24	14/353 - Vedtak om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau - handsaming av klage	

- PS 87/24** Gbnr 84/25 - Søknad om dispensasjon for endra tiltak - Handsaming av klage
- PS 88/24** 86/32 - Søknad om dispensasjon for etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing
- PS 89/24** Andre saker/spørsmål

Herdis Helle *Utvalsleiar*

RS 19/24 Synfaring: Lonaneset

RS 20/24 Orientering frå Kommunedirektør

RS 21/24 Orientering - Ny heimeside

PS 75/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 75/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Ruben Nielsen (Frp) har eit spørsmål om deponiet som han ønskjer å stille mot slutten av møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 75/2024
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 76/24 Godkjenning av møtebok 24.10.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 76/2024
Godkjenning av møtebok 24.10.2024:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 76/2024
Godkjenning av møtebok 24.10.2024:

Møtebok vart godkjend

PS 77/24 Delegerte saker 27.11.2024

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 77/2024
Delegerte saker 27.11.2024:

Teken til vitande

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 77/2024 Delegerte
saker 27.11.2024:

Teken til vitande

PS 78/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 78/2024
Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 78/2024
Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

PS 79/24 Detaljregulering Lonanaset, Bustad - PlanID 4630_2016003.
Handsaming for høyring og utlegging til offentleg ettersyn

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 79/2024
Detaljregulering Lonanaset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for
høyring og utlegging til offentleg ettersyn:

Johannes Borge (H) er med i møte frå sak 79/24

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til reguleringsplan for Lonanaset, bustad - planID 4630_2016003 med plankart datert 30.04.2024, føresegner datert 27.08.2024, planskildding datert 12.09.2024 - med tilhøyrande dokumentasjon vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10.

Politisk handsaming

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller i saka, Heradsstyre avgjer endeleg.

Herdis Helle (AP) la fram følgjande forslag:

Grunngjeving:

Omlegging til miljøprioritert gjennomfartsveg i Gjerstadvegen, er ikkje er ei god trafikal løysing.

Det er mykje trafikk, både med tungtransport og med buss i området.

Ei løysing med miljøprioritert gjennomfartsveg – som her vil bety at vegbana blir omgjort frå to til eitt køyrefelt og at det blir lagt fortau direkte på eksisterande køyreveg – er heller ikkje i samsvar med områdeplanen for Lonevåg.

Før planframlegget skal ut på høyring, må framlegget til trafikkkløysing endrast.

Punkter

1. «Plan- og kommunalteknisk utval innstiller på at reguleringsplan for Lonanaset, bustad – planID 4630-2016003 med plankart datert 30.04.2024, føresegner datert 27.08.2024, planskildding datert 12.09.2024 – med tilhøyrande dokumentasjon **ikkje** vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10.

Johannes Borge (H) la fram følgjande forslag:

Plan for Lonanaset blir lagt ut på høyring med merknad om at foreslått trafikal løysning må endrast ned til Lonevåg sentrum. Innsnevring av eksisterande kjørebane vil medføre for

store utfordringar for transport til industrien sør om området. K.Lerøy / Osterøy Transport / Solberg Mekaniske / Lts Maskin og andre har behov for å komme forbi med stor bil og dette må tas hensyn til.

Votering:

Herdis Helle (AP) sitt forlag fikk 1 stemme for AP, og 4 stemmer mot H, SP, KRF, FRP

Forslaget til Johannes Borge vart satt opp mot kommunedirektøren sitt forslag

Forslaget til Johannes Borge vart samrøystes vedtatt

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 79/2024

Detaljregulering Lonaneset, Bustad - PlanID 4630_2016003. Handsaming for høyring og utlegging til offentlig ettersyn:

Plan for Lonaneset blir lagt ut på høyring med merknad om at foreslått trafikal løysning må endrast ned til Lonevåg sentrum. Innsnevring av eksisterande kjørebane vil medføre for store utfordringar for transport til industrien sør om området. K.Lerøy / Osterøy Transport / Solberg Mekaniske / Lts Maskin og andre har behov for å komme forbi med stor bil og dette må tas hensyn til.

PS 80/24 92/9 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av bygning frå industri til kunst- og kulturføremål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 80/2024 92/9 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av bygning frå industri til kunst- og kulturføremål:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 1 og 11-9 nr. 5 til bruksendring av bygning på gnr. 92 bnr. 9 frå industri til kunst- og kulturføremål, jf. planog bygningslova § 19-2. Søknad om avvik frå forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17) vert godkjent, jf. planog bygningslova § 31-4." Grunngjeving: Omsyna bak reglane det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 80/2024 92/9 - Søknad om dispensasjon for bruksendring av bygning frå industri til kunst- og kulturføremål:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 1 og 11-9 nr. 5 til bruksendring av bygning på gnr. 92 bnr. 9 frå industri til kunst- og kulturføremål, jf. planog bygningslova § 19-2. Søknad om avvik frå forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17) vert godkjent, jf. planog bygningslova § 31-4." Grunngjeving: Omsyna bak reglane det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 81/24 118/6, 118/34, 118/38, 118/129 - Søknad om dispensasjon for bygging av veg

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 81/2024 118/6, 118/34, 118/38, 118/129 - Søknad om dispensasjon for bygging av veg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til bygging av veg på gnr. 118 bnr. 6 og 129 til eigedomane gnr. 118 bnr. 34 og 38, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 81/2024 118/6, 118/34, 118/38, 118/129 - Søknad om dispensasjon for bygging av veg:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til bygging av veg på gnr. 118 bnr. 6 og 129 til eigedomane gnr. 118 bnr. 34 og 38, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 82/24 135/131 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadblokk D og parkeringsplassar

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 82/2024 135/131 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadblokk D og parkeringsplassar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4, 12-5 nr. 2 og 12-7 nr. 1 og 2 på gnr. 135 bnr. 131 til endra byggehøgde til maksimum kote + 101,8 for blokk D, auka utnyttingsgrad til 64 % BYA for felt BB2, oppføring av røemmingstrapper utanfor regulerte byggjegranser mot vest og etablering av 12 nye parkeringsplassar langs privat veg mot aust, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan motteken 18.10.2024 og utomhusplan motteken 08.10.2024."

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 82/2024 135/131 - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadblokk D og parkeringsplassar:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 12-4, 12-5 nr. 2 og 12-7 nr. 1 og 2 på gnr. 135 bnr. 131 til endra byggehøgde til maksimum kote + 101,8 for blokk D, auka utnyttingsgrad til 64 % BYA for felt BB2, oppføring av røemmingstrapper utanfor regulerte byggjegranser mot vest og etablering av 12 nye parkeringsplassar langs privat veg mot aust, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan motteken 18.10.2024 og utomhusplan motteken 08.10.2024."

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 83/24 Gbnr 15/39 - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 83/2024
Gbnr 15/39 - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppføring av ny lagerhall på gnr. 15 bnr. 39, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Johannes Haugland (Sp) la fram følgjande forslag:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppføring av ny lagerhall på gnr. 15 bnr. 39, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving: Plan og kommunalteknisk utval meiner at omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova ikkje vert vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon større enn ulempene. Det skal ikkje gjerast inngrep som i ytterlegare grad byggjer ned kantvegetasjon langs vassdraget. Det skal og gjennomførast førebyggjande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til vassdraget i anleggsperioden og etterfølgjande bruk av bygget. Om søkt tiltak er ein plasthall/lagerhall som i hovudsak skal nyttast til mellomlagring av bilar og maskiner som i dag står i friluft, og at dette er innretningar som i all hovudsak kan flyttast ved eventuelle flaumar. Det har vore næringsaktivitet på industriområde sidan 1965 utan at flaum har vore noko problem.

Maksimalutnyttelsegrad vert då 25% BYA

Votering:

Forslag frå Johannes Haugland vart sett opp mot forslaget til kommunedirektøren

Johannes Haugland sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 83/2024 Gbnr 15/39 - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 til oppføring av ny lagerhall på gnr. 15 bnr. 39, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving: Plan og kommunalteknisk utval meiner at omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova ikkje vert vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon større enn ulempene. Det skal ikkje gjerast inngrep som i ytterlegare grad byggjer ned kantvegetasjon langs vassdraget. Det skal og gjennomførast førebyggjande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til vassdraget i anleggsperioden og etterfylgjande bruk av bygget. Om søkt tiltak er ein plasthall/lagerhall som i hovudsak skal nyttast til mellomlagring av bilar og maskiner som i dag står i friluft, og at dette er innretningar som i all hovudsak kan flyttast ved eventuelle flaumar. Det har vore næringsaktivitet på industriområde sidan 1965 utan at flaum har vore noko problem.

Maksimalutnyttelsegrad vert då 25% BYA

PS 84/24 Planprogram for kommunedelplaner vassforsyning og avlaup med vassmiljø.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 84/2024
Planprogram for kommunedelplaner vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø vert sendt på offentlig høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1.

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 84/2024
Planprogram for kommunedelplaner vassforsyning og avlaup med vassmiljø.:

Planprogram for kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø vert sendt på offentlig høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1.

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

PS 85/24 52/3 - Søknad om mellombels dispensasjon for mellombels endra bruk av areal

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 85/2024 52/3 - Søknad om mellombels dispensasjon for mellombels endra bruk av areal:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje mellombels dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til mellombels endra bruk av areal på gnr. 52 bnr. 3 til lagringsplass for utstyr til vegvedlikehald, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Fellesforslag Ap, Sp, Krf, H, Frp:

Kommunen gjev mellombels dispensasjon i 5 – fem – år frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til mellomnbels endra bruk av areal på gnr. 52 bnr. 3 til lagringsplass for utstyr til vegvedlikehald, jf. plan- bygninglova §§ 19-2 og 19-3.

Vilkår for dispensasjon:

Det må innhenta mellombels avkøyrsløyve for tiltaket frå vegstyresmaktene før dispensasjonen kan takast i bruk.

Dersom grunneigarar/rettighetshavarar skal ta ut tømmer og treng opplagsplass, skal dette ha fortrinnsrett til bruk av opplagsplassen (maskinene må flyttast).

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett og føremonene med ein mellombels dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.

På grunn av plasseringa er plassen godt eigna til lagring av utstyr til vegvelikehald. Det er kort veg både til vegar som skal vedlikehaldast i kommunen og på strekninga langs Bergen – Voss. I dette området er det mangel på område til slikt bruk. Plassen er i dag i bruk til utstyr for vegarbeid i samband med oppgraderinga av Tirsås tunellen. På sikt – når Espevoll eller anna nærliggande næringsareal er byggeklart – bør imidlertid denne typen verksemd/lagring flyttast til slike område.

Votering:

Fellesforslag frå Ap, Sp, Krf, H, Frp vart sett opp mot kommunedirektøren sitt forslag

Fellesforslag frå Ap, Sp, Krf, H, Frp vart samrøystes vedteken

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 85/2024 52/3 -
Søknad om mellombels dispensasjon for mellombels endra bruk av areal:

Kommunen gjev mellombels dispensasjon i 5 – fem – år frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til mellomnbels endra bruk av areal på gnr. 52 bnr. 3 til lagringsplass for utstyr til vegvedlikehald, jf. plan- bygnibgslova §§ 19-2 og 19-3.

Vilkår for dispensasjon:

Det må innhentast mellombels avkøyrsløyve for tiltaket frå vegstyresmaktene før dispensasjonen kan takast i bruk.

Dersom grunneigarar/rettighetshavarar skal ta ut tømmer og treng opplagsplass, skal dette ha fortrinnsrett til bruk av opplagsplassen (maskinene må flyttast).

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett og føremonene med ein mellombels dispensasjon er vesentleg større enn ulempene.

På grunn av plasseringa er plassen godt eigna til lagring av utstyr til vegvelikehald. Det er kort veg både til vegar som skal vedlikehaldast i kommunen og på strekninga langs Bergen – Voss. I dette området er det mangel på område til slikt bruk. Plassen er i dag i bruk til utstyr for vegarbeid i samband med oppgraderinga av Tirsås tunellen. På sikt – når Espevoll eller anna nærliggande næringsareal er byggeklart – bør imidlertid denne typen verksemd/lagring flyttast til slike område.

PS 86/24 14/353 - Vedtak om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau - handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 86/2024 14/353 - Vedtak om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau - handsaming av klage:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen sitt vedtak av 28.08.2024 saknr. 49/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 28.08.2024 saknr. 49/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 86/2024 14/353 - Vedtak om dispensasjon frå rekkjefylgjekrav i områderegulering Lonevåg - opparbeiding av fortau - handsaming av klage:

"Kommunen sitt vedtak av 28.08.2024 saknr. 49/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 28.08.2024 saknr. 49/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 87/24 Gbnr 84/25 - Søknad om dispensasjon for endra tiltak - Handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 87/2024 Gbnr 84/25 - Søknad om dispensasjon for endra tiltak - Handsaming av klage:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen sitt vedtak av saknr. 13.09.2024 saknr. 258/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 13.09.2024 saknr. 258/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 87/2024 Gbnr 84/25 - Søknad om dispensasjon for endra tiltak - Handsaming av klage:

"Kommunen sitt vedtak av saknr. 13.09.2024 saknr. 258/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 13.09.2024 saknr. 258/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

PS 88/24 86/32 - Søknad om dispensasjon for etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 88/2024 86/32 - Søknad om dispensasjon for etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing på gnr. 86 bnr. 32, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 88/2024 86/32 - Søknad om dispensasjon for etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til etablering av busslomme, passeringslomme, fortau og ny kryssløysing på gnr. 86 bnr. 32, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 89/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 89/2024

Andre saker/spørsmål:

Spørsmål frå Ruben Nielsen (Frp):

Det har komme melding om ulovleg forhold knytt til deponi på Hartveit. Kva går det ut på og kva gjer kommunen med det?

SVAR:

Kommunen har fått både munnlege og ein skriftleg førespurnad om dette påståtte forholdet.

Skriftleg førespurnad er frå advokat.

Kommunen tek slike førespurnader alvorleg og er i gang med å behandla dette etter vanlege rutinar.

Tiltakshavar har fått brev der han får moglegheit for å gje si forklaring av dei faktiske forhold.

Etter mottak av denne vil kommunedirektøren følgja opp saka vidare, i denne saka vil nok ei synfaring vere ein del av den oppfølginga.

Spørsmål frå Johannes Borge (H):

Kva er status på Holmane?

SVAR:

Det var planlagt eit meklingsmøte mellom partane i regi av Statsforvaltar den 12. desember. Måndag 25. november fekk me slik melding frå Statsforvaltaren:

Statsforvaltaren avlyser med dette meklingsmøtet 12.desember.

Vi må berre seie oss leie for at det har vore gjort ein formell feil frå Statsforvaltaren når det i brevet vårt datert 16.08.2024 er omtalt «samordna uttale med motsegn». I brevet frå kommunen 08.07.24 går det klårt fram at det gjeld varsel og kunngjering om oppstart. Dette inneber at kommunen enno ikkje har sendt ut eit planframlegg på formell høyring etter pbl. § 12-10. I staden skulle altså både Statsforvaltaren og Statens vegvesen ha gitt innspel til oppstartvarselet (jf. pbl. § 12-8). Innspela frå Statsforvaltaren (brev av 16.08) og Statens vegvesen (brev av 14.08) må såleis oppfattast som merknader til varselet om oppstart.

Mekling (jf. pbl. § 5-6) er først aktuelt når det er uløyste motsegner etter formell høyring (pbl. § 12-10) og ev vidare dialog.

Slik vi forstår det er det no oppretta god dialog mellom kommunen, Statens vegvesen og fylkeskommunen for å sjå nærare på aktuelle løysingar. Vi håpar at de i den dialogen finn løysingar.

Dersom det seinare, i samband med formell høyring av eit planframlegg, framleis skulle vere aktuelt med motsegn frå Statens vegvesen, kan Statsforvaltaren i tråd med samordningsoppdraget vårt gjerne bidra i dialogen.

Vi følgjer no opp saka vidare derfrå, og har allereie avtalt eit møte med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune torsdag 5. desember.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 27.11.2024 av sak 89/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka

